



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset i Samnanger
Dato: 03.12.2018
Tidspunkt: 14:30 – 16:30

Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Anne Tandstad	Nestleiar	SP
Svein Verner Røseth	Medlem	FRP
Vibeke Bohre Våge	Medlem	H

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Øystein Foss	Medlem	BL

Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Brigt Olav Gåsdal var forhindra frå å møte. Øystein Foss hadde meldt forfall kort tid før møte. Det lukkast ikkje å hente inn vara for han. Nestleiar Anne Tandstad leia møtet.

Andre som møte:

Navn	Stilling
Øyvind Røen	Varaordførar
Charlotte Hageberg	Rådmann
Unni-Renate Moe	Partner, Deloitte AS
Ingrid Kalsnes	Senior Consultant, Deloitte AS
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Hordaland fylkeskommune

Anne Tandstadl
nestleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
PS 36/18	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 37/18	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 38/18	Forvaltningsrevisjon av innkjøp - handlingsplan		2017/107
PS 39/18	Status for arbeidet med tilpassing til ny personvernlov - orientering ved rådmannen		2018/7
PS 40/18	Utvikling av sjukefråvær i kommunen - orientering frå rådmannen		2014/240
PS 41/18	Orienteringssak om arbeid med etikk i Samnanger kommune		2018/82
PS 42/18	Krav om forvaltningskontroll i forvaltningssaka om mur i Krekavegen i Samnanger kommune		2015/39
PS 43/18	Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2020 - val av nytt prosjekt		2015/131
PS 44/18	Interimsrevisjonsrapport 2018 for Samnanger kommune		2016/38
PS 45/18	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval		2015/133
PS 46/18	Referatsaker		
RS 22/18	Utvalet sitt kvarter		2014/240
RS 23/18	Invitasjon til NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2019		2017/94
PS 47/18	Eventuelt		

PS 36/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 03.12.2018

Handsaming i møtet:

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent

PS 37/18 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 03.12.2018

Handsaming i møtet:

Det var ingen merknader til protokoll frå møte 03.09.2018

Vedtak:

Møteprotokoll frå møte 03.09.2018 vart samrøystes godkjent.

PS 38/18 Forvaltningsrevisjon av innkjøp - handlingsplan

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet gjeldande forvaltningsrevisjonen innan innkjøp, i form av skriftleg tilbakemelding, innan 01.02.2019.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 03.12.2018

Handsaming i møtet:

Rådmannen orienterte om handlingsplanen og svarte på spørsmål frå utvalet.

Dette kom mellom anna fram i orienteringa;

- Delegasjonsreglementet og Innkjøpsreglementet er på plass
- Det er pr. i dag ikkje tilstrekkeleg ressurser til å handtere dette, men kommunen skal overføre ein ressurs frå HR, som blant anna skal jobbe med dette. Tek sikte på at ny ressurs er på plass fyrste halvår 2019.
- Ca.10 ansatte frå administrasjonen har vore på kurs som ledd i å auke innkjøpskompetansen i kommunen.

Utvalet valde, ut frå at kommunen er i prosess med å få tilført ein ny ressurs som spesielt skal jobbe med innkjøpsområde, å endre på forslag på ny tilbakemelding på status. Denne vart endra frå 01.02.2019 til 15.08.2019.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet gjeldande forvaltningsrevisjon innan innkjøp, i form av skriftleg tilbakemelding innan 15.08.2019.

PS 39/18 Status for arbeidet med tilpassing til ny personvernlov - orientering ved rådmannen

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen i saka til orientering. Kontrollutvalet ber om at rådmann også kjem til første møte i 2019 - med ei ny orientering om stoda på arbeid med tiltak som må på plass ved innføring av ny personvernlov.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 03.12.2018

Handsaming i møtet:

Utvalet vart einige om at denne saka vart utsett til neste møte.

Vedtak:

Kontrollutvalet vedtek å utsetja denne saka til neste møte.

PS 40/18 Utvikling av sjukefråvær i kommunen - orientering frå rådmannen

Forslag til vedtak

Lagt fram utan forslag til vedtak

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 03.12.2018

Handsaming i møtet:

Rådmannen orienterte om utvikling i sjukefråvær i Samnanger kommune og seier at det er gledeleg å sjå at utviklinga er positiv.

Totalt sjukefråvær pr. oktober 2017 var på 8,34% og tilsvarande måned i år viser ein nedgang til 6,73 %.

Det er stor forskjell mellom einingane, der til døme administrasjonen har under 1 % og ungdomskulen har 21 % og barnehagane 14 %. På sjukeheimen er sjukefråveret redusert frå omlag 13 % til under 3 %. Også andre einingar har ei svært gledeleg utvikling.

Rådmannen orienterte og om at ho har hatt fokus på å kurse dei ansatte og har tru på at dette vil gjere at ein får ei meir bevisst halding til dette.

Vedtaket var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

PS 41/18 Orienteringssak om arbeid med etikk i Samnanger kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 03.12.2018

Handsaming i møtet:

Rådmannen orienterte om at arbeidet med etikk alltid er viktig å ha på dagsorden, og prøver å ha dette som tema på leiarmøta. Rådmannen orienterte og om at lærarane har hatt dette som tema i blant.

Rådmannen har ønske og eit mål om å få eit betre system på etikkarbeidet og har også ønske om å lage ein vegleiar.

Vedtaket var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 42/18 Krav om forvaltningskontroll i forvaltningssaka om mur i Krekavegen i Samnanger kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer ikkje å realitetshandsame denne saka då fleire tilhøve har vore handsama tidlegare i kontrollutvalet, seinast i møte 14.05.2018.
2. Det er berre kommunestyret som kan krevja at saker vert handsama i kontrollutvalet.
3. Utvalet seier seg enno ein gong endeleg ferdig med saka.
4. Eventuelle nye henvendingar knytta til dette sakskomplekset vil ikkje verta handsama.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 03.12.2018

Handsaming i møtet:

Sekretariatet innleia kort om saka frå Trengereid og Haga og viste til saksframlegget med vedlegg og dei vedlegga som vart ettersendt på epost frå Trengereid og Haga datert 27.11.2018.

Kontrollutvalet diskuterte og forhistoria i saka. Utvalet registrerar at Trengereid og Haga ønskjer ein forvaltningskontroll/revisjon gjeldande administrasjonen si handtering av politiske vedtak.

Utvalet er og informert om tilsynsrapporten frå Arkivverket til Samnanger kommune av 19.10.2018, gjeldande alvorlege avvik. Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem til neste møte i kontrollutvalet 04.02.2019 og orienterer om denne saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ønskjer ikkje å realitetshandsame denne saka då fleire tilhøve har vore handsama tidlegare i kontrollutvalet, seinast i møte 14.05.2018.
2. Det er berre kommunestyret som kan krevja at saker vert handsama i kontrollutvalet.
3. Utvalet seier seg enno ein gong endeleg ferdig med saka.
4. Eventuelle nye henvendingar knytta til dette sakskomplekset vil ikkje verta handsama.
5. Kontrollutvalet ber rådmannen om ei orientering i møte 04.02.2019 gjeldande tilsynsrapporten frå Arkivverket.

PS 43/18 Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2020 - val av nytt prosjekt

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det ver gjennomført forvaltningsrevisjon av.....i Samnanger kommune
2. Deloitte vert beden om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, evt. avgrensingar, ressursbruk og tid for ferdigstilling.
3. Forslag til prosjektplan vert å levera til sekretariatet seinast innnan 21.01.2019, og skal godkjennast i neste møte / evt. ved at utvalsleiar i samråd med sekretariat får fullmakt til å godkjenna prosjektplanen.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 03.12.2018

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet diskuterte val av nytt prosjekt for forvaltningsrevisjon.

Med i vurderinga av val av prosjekt var rådmannen si orientering gjeldande utvikling av sjukefråvær i kommunen (sjå sak PS 40/18 i dette møte).

Kontrollutvalet diskuterte alle dei prioriterte prosjekta som står på planen. Etter ein lengre diskusjon bestemte kontrollutvalet seg for at ein ønskjer å få utført **forvaltningsrevisjon av spesialundervisning og tilpassa opplæring**, med disse temaene:

- kompetanse
- tilpassing av den ordinære undervisninga
- samhandling mellom PPT og skule
- vedtak om spesialundervisning
- gjennomføring/iverksetting av spesialundervisning

Vedtaket var samrøystes.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av spesialundervisning og tilpassa opplæring i Samnanger kommune
2. Deloitte vert beden om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, evt. avgrensingar, ressursbruk og tid for ferdigstilling.
3. Forslag til prosjektplan vert å levera til sekretariatet seinast innnan 21.01.2019, og skal godkjennast i neste møte / evt. ved at utvalsleiar i samråd med sekretariat får fullmakt til å godkjenna prosjektplanen.

PS 44/18 Interimsrevisjonsrapport 2018 for Samnanger kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimsrevisjon 2018 frå Deloitte til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 03.12.2018

Handsaming i møtet:

Deloitte orienterte om interimsrevisjonen for kontrollutvalet. Det var eit funn i interimsrevisjonen og det gjelder reiserekningar.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimsrevisjon 2018 frå Deloitte til orientering.

PS 45/18 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 03.12.2018

Handsaming i møtet:

Møteprotokollane frå naturutvalet vart gjennomgått i dette møte. Dei andre møteprotokollane vart utsatt til neste møte.

Vedtaket var samrøystes.

Vedtaket:

Kontrollutvalet vedtek å utsette møteprotokollane frå kommunestyret og formannskapet til neste møte. Møteprotokoll frå naturutvalet vart teken til orientering.

PS 46/18 Referatsaker

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 03.12.2018

Handsaming i møtet:

Utvalet sitt kvarter

Kontrollutvalet vil ha ei ny orientering frå rådmannen gjeldande avlastningsplasser ved sjukeheimen. Rådmannen har tidlegare meddelt utvalet om at dette må ho undersøke nærmare. Kva er status her ?

Vedtaket var samrøystes.

Vedtaket:

Kontrollutvalet ber om ein ny orientering gjeldande avlastningsplasser på sjukeheimen. Referatsaka vart elles teken til orientering.

PS 47/18 Eventuelt

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 03.12.2018

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet vart einig om at neste møte i kontrollutvalet er dagsett til 04.02.2019.

Vedtaket var samrøystes.

Vedtaket:

Neste møte i kontrollutvalet er dagsett til 04.02.2019.